



# Ot.prp. nr. 17

(2002–2003)

## Om lov om endringar i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr

*Tilråding fra Justis- og politidepartementet av 15. november 2002,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Innhold

#### 1.1 Endring av multiplikator for tinglysingsgebyr

I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om å heve tinglysingsgebyret for hjemmelsovergang frå 1,5 R (R = rettsgebyret) til 2 R og tinglysingsgebyret for pantobligasjonar og skadesløsbrev frå 2 R til 2,5 R, jf. rettsgebyrlova § 21.

Framlegget om auke er i samsvar med framlegget i St.prp. nr. 1 (2002–2003) for budsjetterminen 2003, Justis- og politidepartementet side 59. Om ein hevar gebyret frå 2 til 2,5 R for pantobligasjonar og skadesløsbrev, gir det ein auke i inntektene på budsjettkapittel 3410 post 01 på om lag 87 millionar kroner. Det er rekna ut at auken frå 1,5 R til 2 R for hjemmelsovergang vil innebere ein auke i inntekta på om lag 44 millionar kroner på budsjettkapittel 3410 post 01 (Justis- og politidepartementet) og om lag 2 millionar kroner på budsjettkapittel 3904 post 01 (Nærings- og handelsdepartementet).

#### 1.2 Retting av feil i § 5 a

Lov 26. april 2002 nr. 12 om notarius publicus trådte i kraft 1. juli 2002. Frå same tid blei lov 14. august 1918 nr. 4 om rettergangsordningens ikraftræden §§ 6–8 oppheva.

Rettsgesbyrlova § 5 a nr. 5 viser til kjæremålsførere segna i lov om rettergangsordningens ikraftræden § 8. Ved ein feil blei ikkje dette endra i samband med lov om notarius publicus. Ein bør difor endre rettsgesbyrlova § 5 a nr. 5 slik at ein i staden viser til lov om notarius publicus § 5. I tillegg blir «notarius» endra til «notarius publicus».

Endringane påverkar ikkje innhaldet i føresegna.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr.

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjøre vedtak til lov om endringar i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## **Forslag**

### **til lov om endringar i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr**

#### I

Lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr vert endra slik:

§ 5 a nr. 5 skal lyde:

5. Avgjørelser som gjelder forretninger som nevnt i § 25 hos en notarius *publicus* kan påkjæres etter reglene i *lov av 26. april 2002 nr. 12 om notarius publicus § 5*.

§ 21 skal lyde:

For tinglysing, registrering eller anmerkning i grunnboken, løsøreregisteret og kraftledningsregisteret betales 2 ganger rettsgebyret, medmindre annet følger av annet ledd eller er bestemt i § 22.

For tinglysing eller registrering av pantobligasjon eller skadesløsbrev betales 2,5 ganger rettsgebyret. Det samme gebyr betales for registrering i løsøreregisteret av avtale om salgspant i motorvogn (herunder avtale som etter § 3–22 i lov 8. februar 1980 nr. 2 om pant likestilles med salgspantavtale) og av avtale om factoring.

Det skal betales fullt gebyr for hvert register og for hver rettskrets et dokument skal tinglyses eller registreres i.

#### II

Lova tek til å gjelde 1. januar 2003.

---

